



NR 3, 2022 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 90. ÅRG

I dette nummeret kan du lese om:



- ..Men ikkje eg..
- 34 års kyrkjetenar-
erfaring
- Olsokgudsteneste ved
Ortnevik
- Spørjeundersøking i
Høyanger og Kyrkjebø
- Glimt frå open kyrkje i
Høyanger
- Vil du bli ny
kyrkjeverje?

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester. **Layout:** Bjørnar Otterstein

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk/oppsett: Printfarm AS

... Men ikkje eg ...

Sokneråda i Høyanger og Kyrkjebø har gjennomført ei spørjeundersøking, slik Lavik sokneråd gjorde for eit par år sidan. Det er nokre interessante trendar i svara: Mange ønskjer fleire aktørar i gudstenestene, og eit større engasjement frå medlemene i kyrkja, men ein sjølv ønskjer ikkje å ha fleire oppgåver. Ein gjennomgangstone er: Fleire bør engasjere seg, **men ikkje eg.**

Det har skjedd ei positiv endring når det gjeld gjennomføring av dåp i kyrkja. Før var presten den einaste aktøren utanom den som bar barnet og den som tok av lua. No er det gjerne ein frå familien som ber inn prosesjonskrossen, ein ber dåpskanna, ein tørkar av hovudet til barnet, ein frå familien les bibeltekstane, ein presenterer barnet for kyrkjelyden osv. Mange deltek med enkle oppgåver som tydeleggjer at denne dåpen står vi saman om. Slik skulle det vere med alt som skjer i ein levande kyrkjelyd! Tallause små og større oppgåver som til saman utgjer eit trussamfunn der folk støttar og hjelper kvarandre, og dannar eit fellesskap som tener Gud, og praktiserer hans kjærleik i denne verda. Men dette krev at nokon legg til rette, informerer, utfordrar og inspirerer.

«Men ikkje eg»- utsegna kan ha sitt utspring i ein angst for å bli påført merkelappen «kyrkjeleg» eller «kristeleg». Tenk om nokon skulle tru at eg tilhøyrrer dei kristne! Den norske kyrkja har vore gjennom ein endringsprosess dei siste 10-åra. Kvinnelege prestar er heilt normalt. Ein finn eit stort engasjement i klima- og miljøsaker. Det er utarbeidd liturgi for inngåing av samkjønna ekteskap. Ein har teke eit oppgjær med haldningar som gjorde at ein tidlegare kom med diskriminerande fråsegner. Vi har fått ei meir mangfaldig kyrkje som gjer det mindre utfordrande å bli ein del av det «kyrkjelege» eller «kristelege fellesskapet».

«Men ikkje eg»- utsegna kan jo også kome frå folk som ikkje finn trua på Gud meiningsfull og som ønskjer eit samfunn utan kyrkje og religiøs praksis. Og det er heilt greitt. Men for alle som trur at kyrkja er eit tenleg og trygt fellesskap for menneske i kvardag og helg, i glede og i sorg, så burde haldninga kunne endrast til eit «også eg».

Geir Sørebo

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
 6991 Høyanger
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Katarina Vattekar

Jobbmobil: 40 45 86 49
 E-post: KV333@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
 Mobil: 91 71 32 75
 E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
 Mobil: 45 22 17 37
 E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebo, 5962 Bjordal
 Mobil: 95 72 91 72
 E-post: GS533@kyrkja.no

Kyrkjevevje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger
 Telefon kontor: 57 71 41 00
 Mobil: 91 76 38 03
 E-post: BO446@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
 Mobil: 94 18 67 09
 E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:

Høy: May-W. Fossmark 90 53 90 02
 Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 99 49 47 45
 Lavik: Toril Lange 92 24 09 66
 Bjo. og Ort: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

Sturla Bell Fossen 99 49 47 45

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
 Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
 Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
 Lavik: Bjørnar Hellebo tlf. 97 75 10 21
 Olav Hellebo tlf. 90 08 49 12
 Audun Engedal tlf. 41 56 36 28
 Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 57 33
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40



Epleunderet

Kvart år, i overgangen mellom seinsommaren og hausten, skjer det i eplehagen eit ikkje så lite under. Epla er i lange periodar småe, dei er grøne, dei er gøymt bak eit forheng av grøne blad, du legg nesten ikkje merke til at dei eksisterer. Men ein dag kjem du til eplehagen og alt er annleis. Plutseleg så er epla der! Du kan ikkje *ikkje* sjå dei. Dei poppar opp tilsynelatande frå ingenting. Dei er store og røde. Du ser det med ein gong: no har det hendt. Eplas forvandling – det er som sommarfuglen si forvandling frå larve til puppe til ferdig sommarfugl. Det er eit under, berre til å undre seg over.

Jesus fortalte massevis av småforteljingar om kvardagsunder. Om ulike frukttresorter. Om vintreet: Eg er vintreet, de er greinene (Joh 15). Om fikentreet som ikkje ber frukt (Mark 11, 12-25). Ikkje om eplet. Kultiveringa av epletreet skaut ikkje verkeleg fart før dei siste 2000 åra i middelhavsområdet og heile Europa. Og først i denne perioden fekk eplet rykte på seg å vere frukta så freistande å ete i Edens hage.

Men Jesus taler om haust-underet med eit anna bilete: *«Med Guds rike er det slik: Det er som når ein mann har sådd kornet i jorda. Han søv og står opp, det blir natt og det blir dag, og kornet gror og veks; han veit ikkje korleis det går til. Av seg sjølv ber jorda grøde, først strå, så aks, så fulle korn i akset. Så snart grøda er mogen, svingar han sigden, for hausten er komen.»* (Mark 4, 26-29)

Er no underet det som skjer der ute i naturen på epletreet – eller i augo til sjåaren? At epla blir raude og store over natt – eller at vi ein dag plutseleg få auge på dette? Kanskje, nei sikkert begge delar. Inkludert hjerneaktiviteten som registrerer og tolkar synsinntrykket vi får frå auga. Det er godt å ha evne til å undre seg. Undring kan hjelpe oss å få eit større bilete av realiteten vi er ein del av. Som Gud usynleg står bak. Jesus kallar det «Guds rike». Hausten er ei tid for undring.

Helsing Andreas Ester, sokneprest

34 år med «freelance»-kyrkjetenarerfaring

I 2022 feirar vi «frivilligheten». Det er frivillighetens år, og mange arrangement vert gjennomført der fokus er dei friviljuge. Utan alle dei som stiller som friviljug, ville mykje av organisasjonslivet og mykje aktivitet stoppe opp.

I mange år har klokkar- og kyrkjetenaroppgåvene i Lavik kyrkje vorte utført av friviljuge og på dugnad. Det var vanskeleg å få tilsett folk i desse funksjonane. Klokkartenesta har blitt utført av friviljuge sidan 1998, medan siste faste tilsette, løna kyrkjetenar var rundt 2008. Sidan då har det vore fleire «freelance-arbeidarar» som har gjort teneste, medan Lavik sokneråd har fått overført kyrkjetenarløna til sitt arbeid i soknet.



Smilande og venlege kyrkjetenarar klar til innsats.

I løpet av desse åra, har fleire tatt på seg oppgåva. I dag er det Bjarne Hellebø, Audun Engedal og Olav Hellebø som deler på tenesta.

Mykje erfaring frå friviljug arbeid

Ingen av dei er ukjent med friviljug arbeid: Bjarne har vore, og er framleis engasjert i Røde Kors og er ein pådrivar når det gjeld Bispestova. Han har lagt ned eit utal av timar på søknaden om økonomisk støtte gjennom mange år.

Audun har vore aktiv på bedehuset på Lavikdalen, og han tar gjerne med seg trekkspilet når kontaktgruppa møtast på Helsesenteret i Lavik ein torsdag ettermiddag. Like eins spelar han til songane på pensjonistlagsmøter.

Olav har vore leiar i pensjonistlaget i fleire år, er med i Idrettslaget, er engasjert på Alværa og med i Tempelridderordenen.

No er det 3 aktive menn vi møter når vi kjem til kyrkja. Bjarne er den som har vore lengst - i heile 15 år, Audun i 11 år og Olav i 8 år. Bjarne er også «sjefskyrkjetenar».

Kvifor har de tatt på dykk kyrkjetenaroppgåva?

Audun: Eg har alltid likt meg i kyrkja. Der treff eg hyggjelege folk. Eg minnest spesielt Anne Berit Sunde. Ho hadde alltid god tid til ein prat.

Olav: Eg har vanskeleg for å seie nei. Det er kjekt å kome i kyrkja,

det er høgtidsamt med kyrkjeklokkene, alvor, sorg og glede.

Bjarne: - for at kyrkja skal fungere. Eg var også med i soknerådet på den tida.

Varierte oppgåver

Kyrkjetenarfunksjonen er viktig og naudsynt, og oppgåvene er mange. I høveleg tid må vi innom kyrkja å setje på varme.

Vi må gjere klart til dei ulike tenestene og sette fram det som skal brukast. Oppgåvene under gudstenesta, bryllaup og gravferd er nok litt meir synlege – vi har ansvar for klokkinging og lystenning. Vi ryddar også etter samlinga. Det er også vi som pyntar juletreet, skiftar lyspærer m.m. Her i Lavik er det kommunen som er ansvarleg for mesteparten av snømåkinga. Oftast har kyrkjetenarane også vaskinga. I Lavik er det ein større vaskedugnad nokre gonger i året – no i regi av soknerådet.

Kva oppgaver likar de best?

Dei måtte tenke seg godt om før dei svara. Lysmesser og konfirmasjonar er no ekstra fint. Før var det stas med høgtidsgudsteneste sidan det var så mykje folk. I dag er det heller få som er med på gudstenestene desse dagane. Tidlegare var det tradisjon at folk gjekk til kyrkje både juledag og påskedag. Dei nemnde også at i barndomen gjekk det buss frå Strandos og Norevik høgtidsdagane.



Bjarne i aksjon

Er det spesielle minne de vil ta med?

- Når det er bryllaup, skal vi ringe i det brura kjem. Ein gong varte og rakk det. Fotografen brukte lenger tid enn avtalt, og vi måtte hente brudeparet. 15 min over tida kunne vi ringe.
- Under ei gudsteneste var det mykje forstyrrende hakkelyder frå kyrkjjetårnet der hakkespettane var svært aktive. Eg måtte opp i tårnet og be dei ta ein pause! Audun og Bjarne har bedt om avløyning og gir seg i løpet av året. Olav held fram enno ei stund.

Kva tankar har de om kyrkjjetenarjobben vidare?

Vi håpar at nokon har lyst og høve til å vere kyrkjjetenar i Lavik. Men stillinga må oppgraderast. Vi veit at kyrkjevevje og fellesråd er i ferd med å sjå på stillingsstorleiken til kyrkjjetenarane i kommunen. Det er også ein kjempefordel at det er fleire som deler på oppgåver. Det var ein føresetnad for at vi skulle ta på oss jobben.

- Er det kjekt å vere kyrkjjetenar?

- Ja, for det meste. Sjølv om kyrkjejobben ikkje er så stor i omfang, så er den bindande og forpliktande. Gudstenestene kan vi legge inn i kalenderen vår, og dei veit vi om i god tid. Men gravferder kan sjølvsagt ikkje planleggast. Difor er det viktig at det er fleire som deler på oppgåver. Sjølv om vi har turnus og har ansvar for 4 månader i løpet av eit år, bytter vi ein del og vikarier for kvarandre.



Her må rett salmenummer opp

Det er kjekt å vere fleire. Vi har også ansvar for å følgje med på tilstanden til kyrkja. Då er det fint å diskutere kva som gjer at det renn vatn ved omnen eller liknande. Vi er også med på å skrive årsrapporten.

Vi kan legge til at det er greitt å ha med ein snekkar. I samband med kyrkja sitt 150-årsjubileum, vart det arrangert ein stor konsert i kyrkja. Då trengte ein korttrapper. Audun tok på seg oppgåva og snekra trappene. No er dei lagra på galleriet og er klare til neste konsert. Vi synest kyrkjevevja har vore flink til å følgje opp når vi har meldt inn skadar på kyrkja.

Til slutt. Vi er amatørar, og ein amatør er ein person som gjer noko fordi ein likar det. Det er eit godt utgangspunkt for kyrkjjetenartenesta.

Tekst /foto: Toril Lange

Olsokgudstenste i strålande sol

Audun Systad, som i år var forrettande prest på Sande, vart utfordra til å skrive til Helgestunder om noko av det han fortalde om krossane frå Hyllestad.



Olsokdagen 29. juli med utegudsteneste på Sande ved Ortnevik var ei ny og spennande oppleving for meg! I sommar med så mykje regn, var det svært kjærkomme med godver. Heimegarden til Olav Sande, læraren og folkeminnesamlaren gav ei nydeleg ramme, ved statua og bjørkelunden der. At eit førtitals menneske fann vegen var kjekt, både fastbuande og tilreisande. Anders Brekke var organist og Ann Iren Østerbø tekstlesar. Geir Sørebø ringde klangfullt med klokka han hadde skaffa seg på eit antikvariat. Keiko Matsuli hadde med fløyta og himmelvendte tonar gledde oss. God servering av soknerådet på sørsida!

Olsok er ein spesiell dag i året. Me feirar Olav den heilage sitt minne; hans død gjorde at kristentrua fekk skikkeleg fotfeste i landet. I gudstenesta takka me for at Gud kan bruke ufullkomne menneske til å forkynne ordet sitt. Me bad om visdom til å forvalte evangeliet med truskap idag.

Takk til Ruth Sande som kvart år tek så godt imot alle!

Foto: Geir Sørebø

Det skjedde noko ved den lange prosessen kristninga var. Det har komme meir og meir fram dei siste åra, at prosessen var meir langvarig enn ein før meinte.

Ved kristenretten fekk trølar fridom, born vart ikkje sette ut i skogen meir, menn fekk ikkje ha fleire koner og voldtekt vart straffa. Krossar vart reiste. Nett dette siste med krossen, er eg utfordra til å skrive litt ekstra om her i Helgestunder.

Pilegrimsvandringar vart det mykje av i kjølvatnet av det som skjedde med Olav den heilage. Lenge var det rekna som ein «katolsk skikk» dette, men i våre dagar er slike vandringar noko mange i forskjellige kyrkjesamfunn har fått sans for. I 2018 vart Kystpilegrimsleia offisielt opna av dronning Sonja på øya Selja. I hundrevis av år har nett der vorte halde Seljumanna-messe, og det er også rekna som Norges eldste pilegrimsmål.

Kystpilegrimsleia er ein St. Olavsveg, som er godt forankra i historia. No er det etablert 26 såkalla «nøkkelstader» på denne leia. Nøkkelstad nr 11 er Gultatinget, og nr.12 er Kvernsteinsparken i Hyllestad. Som «perler på ei snor» ligg desse særst viktige kulturminna langs kysten vår.

Då eg vaks opp som liten gut i Hyllestad, hørde me svært lite om kvernstein – og krossar, men no dei siste åra har det kome meir og meir i fokus.



Granatglimmerskiferen er ein sær hardfør steinsort som gjer at den er god i produksjonen av kvernstein. Det kan ein få vite meir om ved eit besøk i Kvernsteinsparken i Hyllestad. Irene Baug frå Lavikdal var ein av pionerarkeologane her.

Frå 700-talet og i fleire hundre år, gjekk det skipslast på skipslast med kvernsteinar. Stundom vart det så sende krossar frå Orttingsneset ved Hyllestad eller inne i sjølv Hyllestadfjorden. Det som no har kome fram er at nokre av dei vart reiste nett ved den tidlege kristninga av Norge, ja, gjerne så langt attende som i Håkon den gode si tid. Han prøvde på 900-talet å kristne Norge ved å bygge gode relasjonar til stormenn her på kysten. Han lykkast bra her vest, men dårlegare lengre nord.



Den kjente historikaren Knut Helle er inne på dette med at fleire av dei største krossane kan vere reiste av det tidlege kristne kongedømmet. (I «Vestlandets historie» i 2006). Det gjeld spesielt ei gruppe på fem særleg store og monumentale kors, i høgde frå 2,65 til 3,90 meter over bakken (og 2 meter under). Dei er alle hogne i Hyllestadstein. Den største står på Kvitsøy i Rogaland, ein ved Gard i Haugesund (Haraldshaugen), to i Eivindvik (ein ved kyrkja og ein i Krossteigen), og så ein ute ved Korssund i Fjaler.

I si hovud-oppgåve i arkeologi frå 2002 skriv Kristine Holme Gabrielsen om høgkrossane at dei er: «et av de største skulpturelle uttrykk man finner i vår forhistorie» Når dette vert skrivne i kyrkjelydsblad for Høyanger er det og viktig å minne om at områda her har rike arkeologiske funn, og at området spela ei viktig rolle ikkje minst i vikingtid og tidleg mellomalder.

Foto: Ragnar Bull

Takk for utfordringa å skrive nett om krossen i kyrkjelydsblad her. Den er jo vårt viktigaste kristne symbol. At den og var eit maktsymbol då kristendommen vart innført er rett, men bak låg det eit ynskje om at kristen tru er det beste for land og folk.

To dagar etter olsoksamlinga på Sande, fekk eg ha olsokgudsteneste ved høgkrossen ute ved Korssund; også ei spesielt fin oppleving. Olsok er ei tid for å be om meir lys over vårt folk og land, slik fornyingstider før har gjort. Tre born vart døypte og teikna med krossmerket, slik me har fått gjere det i tusen år. Då vart ordet frå 1.Pet.1,3 lese, det same ordet ein og oftast les ved gravferder: «Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von, ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!» Ordet om krossen er framleis eit mektig ord om liv og evig liv!

Audun Systad

«God morgon, seier soli ...»

Det er ganske vanleg på norske kyrkjegardar å sjå ein gravstein med eit motiv der ein kross er kombinert med ei sol som stig opp over horisonten og spreier strålane sine utover. Korleis har ein funne på dette motivet? Har det ein lang kulturhistorisk bakgrunn? Nokre dagar på vestkysten av Skottland i sommar fekk meg til å reflektere litt over dette.

Steinstøttene i Kilmartin Glen

I ei lita bygd som heiter Kilmartin Glen er det store flate bøar som har fleire gravrøysar, kanskje frå 4-5000 år før Kristus, men mest interessant er at det er reist opp fleire 2-3 meter høge steinstøtter mellom gravrøysene. Nokre av desse står på skrå. Alle i same retninga. Nokre har ein skråkant på toppen, som også peikar opp i same retninga. Det var ikkje vanskeleg å sjå at dei peikar opp mot sola når ho står som høgast på himmelen om sommaren. Den budskapet som eg la inn i dette, var at midt mellom dei døde representerte den stigande sola den livgjevande krafta. Den sola som gjorde at livet i naturen var fornya igjen og igjen. Sola gav ei von om nytt liv også for dei døde kroppane i gravrøysa.



Ringkrossane på Iona

Den vesle øya Iona, ikkje langt frå Kilmartin Glen, var eit sentrum for kristninga av Vest-Europa. Alt på 600 talet var det eit klostersonn der. Utanfor den restaurerte klosterkyrkja står i dag den rekonstruerte 5,30 m høge St. Johannes-steinkrossen frå 700-talet. Denne imponerende kunstferdige krossen har ein ring rundt krossen sitt sentrum. Kanskje skulle denne ringen støtte krossen sine armar. Men denne konstruksjonen frå St.Johannes-krossen spreidde seg snart over heile det keltiske området. Og på kyrkjegarden i Kilmartin Glen fann eg slike store ringkrossar på gravene på den kristne kyrkjegarden ikkje langt frå dei gamle steinstøttene. Det ligg nær å tru at denne steinringen nettopp i dette området vart forstått som eit bilete av solskiva. Dermed vert den gamle budskapet omforma og gjeven ei kristen drakt. Då



Jesus døydde på krossen, så gav han det sanne sollyset til verda. Det lyset som sigrar over døden og gjev nytt liv. St. Johannes-krossen på Iona er også plassert slik at når vi står framfor krossen og ser opp mot krossen sitt sentrum, så ser vi mot aust der sola står opp.

Motiv på norske gravstøtter

Den norske gravsteinen med innteikna kross og sol er kanskje ein moderne avleggar av det gamle keltiske motivet. I alle fall går det an å tenkje slik. Kvifor set vi opp akkurat ein stein på grava? Jau, det gjorde dei alt for 6-7000 år sidan. Kvifor har vi med ei strålende sol? Jau, alt dei første steinane peika på sola. Kvifor har vi med ein kross? Jau, fordi Jesus sin siger over døden, førte det evige lyset til oss. Kvifor skal gravene våre alltid vere orientert mot aust der sola står opp? Jau, fordi vi ventar på at Kristus skal kome att som ein soloppgang og trenge bort dødens mørke. «God morgon, seier soli»

Tekst og foto: Geir Sørebo

Min salme



Foto: Torunn Styve

Er du slik som eg... som kan ligge vaken om natta og bekymre deg – ikkje berre for det du veit skal skje – men også for det du fryktar kanskje kan kome til å skje ein gong i ei nær eller fjern framtid?

Det er slitsamt og energitappande! Mykje av dette er jo til og med bortkasta bekymringar over ting vi kanskje aldri vil oppleve...

Eg skulle ynskje eg kunne klare det som forfattaren skriv om i denne songen – å «ta» eller konsentrere meg om eitt problem, ei bekymring, berre (blott) ein dag om gongen.

Lina Sandell, som skreiv dette, hadde opplevd mange sorger, tap og vanskelege ting i livet sitt. Likevel skriv ho om tryggleiken ved å vite at Gud kan gje styrke til å møte ei og ei bekymring og utfordring... akkurat så mykje som ho treng for kvar dag.

Gud har ikkje lova oss eit problemfritt liv utan bekymringar og utfordringar. Men han har lova å vere der for den som vil

sleppe han til. Han har lova oss å dele ut styrke i rett dose etter kvart som vi treng det – om vi ikkje er for stolte til å be om det. «Som din dag så skall din kraft och vara – detta löfte gav Han mig.»

Vi kan få lov til å ta av oss den «bekymringsryggsekken» vi ber på, legge den i Gud sine hender. Det er ikkje lett – sekken kryp nok opp på ryggen igjen, men det gjer godt å av og til sette han frå seg for å kvile ei stund...

Eg treng å øve meg i å legge eitt og eitt problem over på Gud – og å hente ut styrke til å møte eit problem, ei bekymring, ein dag om gongen. Torunn Styve

*1. Blott en dag, ett ögonblick i sänder,
vilken tröst vad än som kommer på!
Allt ju vilar i min Faders händer
skulle jag, som barn väl ängslas då?
Han som bär för mig en faders hjärta,
giver ju åt varje nyfödd dag
dess beskärda del av fröjd och smärta,
möda, vila och behag.*

*2. Självt han är mig alla dagar nära,
för var särskild tid med särskild nåd.
Varje dags bekymmer vill han bära,
han som heter både Kraft och Råd.
Att sin dyra egendom bevara,
denna omsorg har han lagt på sig.
Som din dag, så skall din kraft ock vara,
detta löfte gav han mig.*

*3. Hjälpt mig då att vila tryggt och stilla
blott vid dina löften, Herre kär,
ej min tro och ej den tröst förspilla,
som i ordet mig förvarad är.
Hjälpt mig, Herre, att vad helst mig händer,
taga ur din trogna fadershand
blott en dag, ett ögonblick i sänder
tills jag nått det goda land.*

T Lina Sandell
M Oscar Ahnfelt 1872

Spørjeundersøkinga i Høyanger og Kyrkjebø sokn – kva kan vi lære?

I Høyanger og Kyrkjebø/Vadheim sokn vart det denne våren gjennomført ei nokså omfattande spørjeundersøking. Samla kom over 100 svar inn – både på papir og digitalt på nettet. Etter mitt syn ein formidabel suksess i seg sjølv. Spreiinga i alderen er stor, den største gruppa (19 personar) er i alderen mellom 45 og 54 år. Undersøkinga var eit tydeleg signal til lokalbefolkninga at vi er interessert i å utvikle kyrkja og involvere deira ønsker i sterkare grad.

Her vil eg leggje fram ein subjektiv analyse av resultatane. Sokneråda skal jobbe med desse og konkludere sjølve. Spørsmålstillingane varierer litt, derfor tar eg her Høyanger som eksempel. Her kom det inn 60 svar. Dette talet er referanseramma for alle svar.

Identifikasjonen med kyrkja er stor blant dei som svarte. 26 var samde eller heilt samde (i det følgjande blir desse to kategori gjennomgåande tatt saman, det same dei usamde og heilt usamde) til påstanden at «Kyrkja og det som skjer i kyrkja har stor betydning for meg», 26 var nøytrale, berre 7 usamde. Heile 37 meiner «kyrkja gjer ein god jobb for folk flest i Høyanger», 19 er her nøytrale, berre 3 usamde.


Kyrkja i lokalsamfunnet
Eg meiner kyrkja gjer ein god jobb for folk flest i Høyanger.



32 «ønsker at kyrkja skal bli meir synleg i lokalmiljøet» (21 nøytrale, 7 usamde).

Her ligg det ein klar positiv forventing retta mot kyrkja.

Kyrkja i lokalsamfunnet
Eg ønsker at kyrkja skal bli meir synleg i lokalmiljøet.




Spørsmålet om «behov for å ha kyrkjelydshus i Høyanger» er interessant, tatt i betraktning debatten om bruk av bedehuset. 27 svarte ja, 17 var nøytrale, 15 svarte nei. Eit nokså klart fleirtal. Skulle vi i staden for tenkje på å ha eit nybygd kyrkjelydshus i Høyanger?

Informasjon er ein opplagd verkemiddel for å gjere kyrkja synleg. Dei fleste (34) seier dei «får god informasjon om arrangement i kyrkja», heile 43 at Helgestunder «er eit viktig organ for folk i Høyanger». Nettsida og facebook-sida blir brukt i ganske liten grad (14 svarer «ja» mot 29 «nei»).

I **kyrkja sitt arbeid** finnes det to områder som nyt gjennomgåande stor tilslutning. Det er for det første kyrkja sitt **arbeid i sorg og krise**. 45 respektive 46 meiner at «kyrkja har mykje å gje» her og at «gravferdene i kyrkja er verdifulle og gjev god hjelp».

Det andre er **trusopplæringa og tilbod for barn**. 33 synes dette arbeidet er viktig, 30 at kyrkja har gode tilbod for barn. Derimot er det 31 som etterlyser tilbod for «vaksne midt i livet», og same talet for fleire tilbod for eldre menneske.

Gudstenesta er ein heilt sentral del av kyrkja sitt arbeid som vi faktisk brukar store ressursar på. Derfor er vi naturleg nok veldig interessert å vite, kva folk synes om ho. Ei tydeleg positiv tilbakemelding er at 28 svarer, dei fekk «ei god oppleving dei var sist i kyrkja» (24 nøytrale, 7 negative).




Men så finnes det ei rekke spørsmål om enkelte sider av gudstenesta som får eit verken-ja-eller-nei-svar. I underkant halvparten er nøytrale og av resten gjev omtrent like mange positive og negative svar.

Dette gjeld følgjande spørsmål: «Liturgien i gudstenesta har noko å gi meg», «Eg opplever at preika er livsnær og meningsfull», «Gudstenestene er [...] inspirerande for meg» og «Eg opplever at ein syng salmar som betyr noko for meg».

Så finnes det fleire spørsmål som viser punkt vi særleg har å jobbe med. «Nattverd [...] er viktig for meg» stadfestar berre 11, «eg er interessert i å delta på gudstenester» 14, 8 er «positiv[e] til å gjere ei oppgåve i gudsteneste».

39 personar svarar eit klart «ja» til påstanden: «**gudstenesta er moden for fornying**».



Alle desse svara skal vi ta på djupaste alvor. Det er berre bra at folk gjev ærlege svar og dei må vi ta innover oss. Korleis kan fornyinga av gudstenesta sjå ut? Svara vi får i undersøkinga, stakar ikkje ut ein enkel kurs for dette. Ein ting som er heilt klar, er at vi ikkje kan berre fortsetje i gamle spor. Og vi får ein peikepinn: «Det burde vere fleire som medverka i ei gudsteneste» stadfestar 27. Dette kunne vere eit element for å begynne med. Og dei 8 som sa seg villige til å gjere ei oppgåve i gudstenesta kunne gjerne vere blant desse.

Begge sokn er på sett og vis allereie i gang med fornyinga av gudstenesta. Vi begynte i fjor å utprøve to alternative typar gudstenester. I Høyanger er det «gladgudstenesta», i Vadheim «kaffigudstenesta». Og begge desse har til hensikt å involvere fleire. Den nye oppslagstavla og open-kyrkje-tilbodet gjer kyrkja meir synleg i lokalsamfunnet. Kyrkja i Høyanger og Kyrkjebø / Vadheim skal jobbe kontinuerleg vidare med den etterlyste fornyinga av gudstenesta som satsing framover. Det må bli ein open prosess vi skal invitere alle interesserte til å vere med på.

Takk til alle som sende inn svar, stor takk til sokneråda og alle som har bidratt til å få undersøkinga til!

Andreas Ester

Kyrkjelivet før og no

Kvart år lagar alle sokna våre ei årsmelding. Kyrkjeleg fellesråd lagar si eiga. Årsmeldinga vert lagt fram på soknemøtet, som oftast vert halde etter ei gudsteneste i febr./mars. Ein kopi vert etter dette sendt til prosten. Eg har sett på årsmeldinga for Kyrkjebø for 1966 og for 2021. Kva har forandra seg på desse 55 åra?

I 2021 var det dugnad på gravplassane i april, både i Vadheim og på Kyrkjebø. På Kyrkjebø deltok 14 personar, og i Vadheim 15. Om dei hadde dugnad i 1966, så seier ikkje meldinga noko om det. Dei var glade for att dei hadde fått installert elektrisk oppvarming i kyrkja. Arbeidet var gjort av installatør Lyder Birkeland, og sto ferdig til jul. Kostnaden var kr. 18.361. For 1967 hadde dei fått løyvd kr 22.000 til vøling av kyrkja.

I 2021 var det to friluftsgudstenester. I Måren 24.05 og på Vadheimsstølen 29.08. Om dei hadde friluftsgudstenester i 1966 er ikkje godt å seie. Men ein kan lese at dei hadde fleire misjonsforeingar som samla inn pengar. Både i Vadheim og på Kyrkjebø hadde dei foreiningar for Det norske misjonsselskap og Muhammedanarmisjonen. I Vadheim hadde dei ei foreining for Finmarksmisjonen og Kyrkjebø hadde ei for Indre sjømannsmisjonen.

I 2021 var det ei tårnagenthelg, 8 born frå 3. og 4. klasse deltok. I 1966 dreiv dei speidararbeid på Kyrkjebø blant større og mindre jenter i regi av KFUK. Det var også søndagsskule både på Kyrkjebø og i Vadheim.


I årsmeldinga for 2021 kan ein lese at det var 995 frammøtte på gudstenestene, ned frå 3.956 i 2019 (nedgangen heng nok saman med Covid-19). I 1966 nøyer dei seg med å skrive: «Kyrkjesøknaden har halde seg stort sett som tidlegare år. Men det var å ynske at den vart noko betre.»

	Gudstenester	Dåp	Konfirmantar	Viglar	Gravferder	Nattverd, frammøtte
1966	26	12	15	5	21	83
2021	23	3	6	0	8	21

I 2021 vart meldinga avslutta med: «Takk til alle som i 2021 har vore med å støtta kyrkja vår!» Avslutninga i 1966 var meir åndeleg: «Så står det opp til den einskilde kristen om han er lydig å gå når Gud kallar til teneste. Er me lydige, får vi også gleder av å vere med å hauste dei frukter Gud gjev.»

Vidar Myren

Glimt frå Open kyrkje i Høyanger



Soknerådet i Høyanger vedtok i januar 2022 eit prøveprosjekt med «open kyrkje» ein dag i veka fram til medio juni.

Tilbodet vart videreført ut sommaren og valet fall på kvar laurdag frå 12-14. Vi held fram med ordninga fram til jul.

Besøkstala varierer, men kyrkjedøra har opna seg oftare i vinter og vår. I sommar har vi i tillegg til bygdefolket, også hatt ein del turistar.

Tilbakemeldingane har vært udelt positive. Difor fortset vi. Kyrkja er open for deg som søker ei stille stund.

Du kan tenne lys, høyre på dempa musikk, studere kyrkjekunsten eller berre vere stille. Det er ikkje program eller preike, men det vil vere ein person frå soknerådet til stades for å lytte til dine spørsmål og synspunkt.

Soknerådet i Høyanger



Glimt frå Måren

2. pinsedag var det friluftsgudsteneste i Måren. 15 personar var samla i det fine forsommarveret. Gudstenesta i Måren har vore ein tradisjon sidan 2012. Etter gudstenesta var det kyrkje-kaffi. Gunvor Hommedal hadde laga kringler og kanelbollar, som vi kosa oss med.

Tekst og foto: Vidar Myren

Leir på Alværa i haustferien

I slutten av juni var det sommarleir for 2. -7. klasse på Alværa. Det vart eit fantastisk ver og mykje uteaktivitet. NMSU inviterer til leir i haustferien også, men om det vert grilling og sol med varme, er vel heller tvilsamt.



Haustleiren

startar måndag 10. oktober ca kl 18.30 og sluttar 17.30 på onsdag 12. oktober. Leiren er for 1. - 7. klasse. For dei som reiser på NMSU-leir for første gong, er det eit introduksjonstilbod til halv pris. Ein kan også søkje om støtte til leiren. Alt dette og meir info om haustleiren finn du på heimesida til:

nmsu.no/ucamp/leirer – søk deretter - Alværa.

Sokneråda i Lavik og Bjordal/Ortnevik har vedteke å subsidiere leirdeltakarar med adresse Lavik og Bjordal. Då betaler ein for leiren på vanleg måte ved påmelding, og får tilbakebetalt 200 kr frå soknerådet når leiren er slutt. Hovudleiar på leiren er Helle Kartveit.

Tekst og foto: Toril Lange




Beachvolleyball, nye vener og «Jesus som ven». Konfirmant-kick-off på Alværa

Fredag 7. september var 33 konfirmantar frå heile Høyanger og Hyllestad samla på Alværa til Kick-off-festival. Vi var heldige med ein fin seinsommarkveld og starta med ei mini-beachvolleyball-turnering. På heile kick-off-en skulle konfirmantane bli kjende med kvarandre og få ein spanande opning for konfirmantåret. Og det vart det!

Konfirmantane hadde fått beskjed om å ha med ein gjenstand for å presentere seg. Dette var utruleg interessant å sjå. Så vart Jesus som ven presentert. På biletet over ser vi konfirmantane ta opp denne invitasjonen ved å leggje armene over skuldrane til kvarandre, inspirert av den koptiske «venskapsikonen».

Sokneprestane Andreas Ester og Runar Matsui-Li, Heike Müller frå Høyanger og Linda Ølmheim frå Hyllestad var leiarar. Jens Friis frå Lavik hadde laga kjempegod pizza, Toril Lange var vertskap frå Alværa.



På Kyrkjebakken

Bjordal/Ortnevik/Ikjefjord:

«Forum for tru og tanke» onsdag 26. oktober og 23. november kl. 19.00-21.00. Følg med på plakat og Facebook.

Adventverkstad for barn tysdag 22. nov. kl. 14.15 på Sørebø.

Trusopplæring i Lavik:

Soknerådet vil prøve å ha eit tilbod til alle born opp til konfirmantaldar. Difor inviterer soknerådet til følgjande samlingar:

T-dag for 1.-4. klasse på kyrkjekontoret ca 1 gong i mnd. i SFO-tida følgjande onsdagar: **14. september, 19. oktober, 16. november og 7. desember.**

T-dagen varer frå 10.00 til 12.30. Det kan kome endringar, så informasjon om kvar samling kjem på messengergruppa – *Leirdøgn og trusopplæring.*

Myldresamling i Lavik kyrkje for førskuleborn ca ein ettermiddag i månaden. Datoar og meir informasjon kjem.

Fredagskveld for 5. klasse og eldre - på kyrkjekontoret eller ein annan stad. Dato vert avtalt.

Høyanger sokn

Onsdag den 9. november 2022 er det «Førsteklasses» i Høyanger kyrkje. Samlinga startar kl. 17.00 og held på 1 time.

Myldresamling 2 i Høyanger kyrkje, torsdag 01. desember 2022. Alle som vert 2 år i 2022 og som bur i Høyanger, Kyrkjebø eller Vadheim, vert inviterte til 2-årssamling. Der skal vi tenne lys, høyre om Noah og arka, og leite etter dyra.

Samlinga vert avslutta med at vi et graut i lag. Alle borna får spisebrikke med teksten « Å du som metter liten fugl» med seg heim.

Myldresamling 3 i Høyanger kyrkje, torsdag 08. desember 2022. Samlinga er for alle som vert 3 år i 2022. Vi skal synge julesongar, tenne lys i lysgloben, høyre juleforteljinga, leike og ha ein liten juleverkstad.

Kyrkjelydspedagogstillinga i Høyanger

Denne stillinga står framleis ledig, då det ikkje har meldt seg kvalifiserte søkjarar. Ny utlysing kjem truleg på nyåret 2023. I mellomtida vil vi halde dei fleste trusopplæringsaktivitetane for barn i gang med lokale krefter.

Konsertar på Kyrkjebø

Det flotte orgelet vårt vert me betre kjende med gjennom ein rein orgelkonsert i november. Då vil kantor presentere eit program som viser breidda i kva ein kan få framført på ”instrumenta si dronning” – kyrkjeorgelet. Alt frå det vøre og såre til det mektige og festlege orgelbruset.

Ein konsert/salmekveld med andre lokale aktørar er planlagt nærare i tid.

Følg med på oppslag og annonsering, møt opp, og nyt kyrkja som konsertarena!

Julekonsertar

Ortnevik kyrkje 11.12. kl. 17.00

Høyanger kyrkje 14.12. kl. 17.00 FML

Høyanger kyrkje 15.12. kl. 18.00 Kultursk.

Lavik kyrkje 18.12. kl. 18.00 Fjordbrass

Kyrkjebø kyrkje 18.12. kl. 17.00 KUL koret

Vil du bli ny kyrkjeverje i Høyanger?

Kyrkja sin rådmann går av med pensjon 31.12.2022 etter 20 år i jobben, og Høyanger kyrkjelege fellesråd har frå i vår hatt denne 100% stillinga lyst ledig. Dessverre har det ikkje lukkast å få tilsett nokon i stillinga enno, så vi leitar vidare: **Er det deg vi søker?**

Arbeidsoppgåver for kyrkjeverja

Dagleg leiar for fellesrådet si verksemd
Personalansvar for dei tilsette i fellesrådet
Ansvar for HMT-arbeid
Ansvar for økonomi, budsjett og langtidsplanlegging
Ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar/gravplassar
Ansvar for gravplassforvaltninga i kommunen
Sekretær og sakshandsamar for fellesråd og utval
Ha god kontakt med offentlege myndigheiter og andre samarbeidspartnarar

Kvalifikasjonar

Erfaring som leiar med personalansvar vert lagt stor vekt på
Erfaring innan organisasjonsutvikling
God innsikt, interesse og engasjement for kyrkjeleg verksemd,
Kjennskap til Den norske kyrkja som organisasjon.
Krav om medlemskap i Den norske kyrkja.
God økonomi- og IKT-kunnskap
Universitets-/høgskuleutdanning, gjerne innan økonomi og leiing,
Søklarar utan høgskuleutdanning med relevant praksis vert også vurderte.
Evne til å kunna arbeida målretta og systematisk
God skriftleg og munnleg framstillingsevne
God kjennskap til offentleg forvaltning
Oppteken av nyskaping, utviklingsarbeid, og god inkludering av frivilljuge.

Personlege eigenskapar

Ha gode evner til kommunikasjon og samarbeid
Lagbygger som skaper relasjonar - internt og eksternt
Likar å arbeide målretta og systematisk
Vere fleksibel og kunna møta utfordringar

Vi tilbyr

Ei interessant og utfordrande stilling!
Kollegafelleskap med andre kyrkjeverjer i prostiet og i bispedømet
Løn etter avtale
Tilsetjing og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og avtalar innan KA sitt tariffområde. Pensjonsordning i KLP.
Arbeidsrettleiing og ulike kurs for kyrkjeverjer

Kontaktinformasjon

Leiar i fellesrådet: Sturla Bell Fossen	mobil 994 94 745
Sokneprest: Andreas Ester	mobil 452 21 737
Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein	mobil 917 63 803

Søknadsfrist: **SNARAST**

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Kyrkjebø kyrkje

02.10.2022 Oliana Selnes Thue

02.10.2022 Ada Eriksen Vefring

Lavik kyrkje

07.08.2022 Jesper William Hovland

18.09.2022 Alma Strandos Solheim

18.09.2022 Miliam Johansson

18.09.2022 Ulrik Aamot Nygård



DØDE

Høyanger

10.06.2022 Borgny Langeland

25.07.2022 Asbjørn Smeby

30.07.2022 Kitty Helene Kvamme

09.09.2022 Kjersti Aase

Vadheim

16.06.2022 May Britt Eide

21.07.2022 Else Karin Birkås

Kyrkjebø

04.05.2022 Knut Norup Bekkelien

18.06.2022 Anita Gjertsen

29.08.2022 Olivia Hatlestad

07.09.2022 Harald Kåre Tennefoss

Ikjefjord

07.11.2021 Leif Brox Leirnes

Ortnevik

02.06.2022 Alvhild Hovland Winjum



Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
 Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
 Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

02. Oktober – 17. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester,
 Hausttakkefest

05. oktober – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester,
 Gladgudsteneste

16. Oktober – 19. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik v/ G. Sørebo

23. Oktober – 20. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Bjordal v/ G. Sørebo
 Kl. 17.00 Vadheim v/ A. Ester
 Kl. 19.00 Høyanger v/ A. Ester

06. november – Helgemesse minnedag

Kl. 11.00 Bjordal v/ G. Sørebo
 Kl. 18.00 Lavik v/ G. Sørebo

09. november – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester, minnedag

13. november – 23. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester, Minnedag
 Kl. 17.00 Vadheim v/ A. Ester, Minnedag

16. november – onsdag

Kl. 17.00 Høyanger v/ A. Ester,
 Gladgudsteneste, utdeling «Mi kyrkjebok 6»

27. november – 1. søndag i advent

Kl. 11.00 Høyanger v/A. Ester, Dåps gudstj.
 Kl. 17.00 Kyrkjebø v/ A. Ester, lysmesse
 Kl. 19.00 Lavik v/ G. Sørebo, lysmesse

30. november – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester, lysmesse

04. desember – 2. søndag i advent

Kl. 18.00 Bjordal v/ G. Sørebo, lysmesse

24. desember – julaftan

Kl. 13.00 Vadheim v/ A. Ester
 Kl. 14.00 Ortnevik v/ G. Sørebo
 Kl. 14.30 Kyrkjebø v/ A. Ester
 Kl. 15.00 Lavik v/T. Lange
 Kl. 16.00 Bjordal v/ G. Sørebo
 Kl. 16.00 Høyanger v/ A. Ester

26. desember – 2. juledag

Kl. 12.00 Høyanger sjukeheim v/ A. Ester
 Kl. 13.00 Kyrkjebø sjukeheim v/ A. Ester

08. januar – Kristi openberringsdag

Kl. 11.00 Høyanger v/A. Ester
 Fellesgudsteneste, avskil med kyrkjevevje

15. januar – 2. søndag i openberringstida

Kl. 11.00 Lavik v/G. Sørebo, Tårnagent
 Kl. 18.00 Kyrkjebø v/A. Ester

22. januar – 3. søndag i openberringstida

Kl. 11.00 Bjordal v/G. Sørebo

29. januar – 4. søndag i openberringstida

Kl. 12.00 Alværa misjonssenter,
 Konfirmantweekend for alle sokn



NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Inspirerende 40 årsfeiring på Alværa



80 personer hadde tatt turen til Alværa kyrkje - og misjonscenter søndag 19. juni for å markere at det var 40 år sidan opninga av senteret. Sjølv om det var meldt regn og ruskever, kom sola etter kvart fram og ville også vere med på jubileums-feiringa.

40-årsfeiringa var først festgudsteneste v/Karl Hjelmeland og generalsekretær i NMS, Helge Gaard.

Deretter - god mat og bordfelleskap,
 - ettermiddagssamling med historisk tilbakeblikk og NMS-glimt,
 - helsingar, - møte med gamle kjenningar – og song ved Kirsten og Jostein Ryland.

- kaffi og eit stort kakebord, åresal - årsmøte og val hørde med!

Petter Sortland helste frå Høyanger kommune og sa at Alværa kyrkje og misjonscenter er god omdømebyggjing for kommunen. Han hadde også med ei gåve på kr. 10.000,- Her saman med dåverande styreleiar for Alværa, Ingvald Andersen Frøyen.

Tekst: Toril Lange Foto: Karl Hjelmeland